



## Fylkesmannen i Rogaland

Bjørn Kenneth Høllesli på vegne av innbyggjarar i  
Høllesli/Hamn  
Høllesli 7  
4110 Forsand

Vår dato:  
21.02.2019

Vår ref:  
2017/3580

Dykkar dato:  
06.02.2019

Dykkar ref:

Kontakt saksbehandlar  
Maren Skåden, 51 56 88 32

## Fylkesmannen si vurdering av innbyggjarinitiativ etter inndelingslova § 8

**Fylkesmannen har motteke eit initiativ signert 12 av 15 innbyggjarar på Høllesli og Hamn der dei ber om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering. Føremålet er at dette området, som er ein del av området der kommunegrensa vart justert i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt vedtak av 10.12.2018, blir ført tilbake til Forsand. Fylkesmannen avslår søknaden.**

### Bakgrunn for saka

Kommunal- og regionaldepartementet (KMD) vedtok den 10.12.2018 at kommunegrensa mellom kommunane Forsand og Strand blir justert slik at områda nord for Lysefjorden blir flytta til Strand kommune.

På bakgrunn av dette vedtaket er det i brev datert 6.2.2019 fremja eit innbyggjarinitiativ signert 12 innbyggjarar i det aktuelle området. Dei skriv mellom anna at

- Det var ein stor feil at deira grender vart inkludert i det første innbyggjarinitiativet og syner til at eit stort fleirtal i grenda var mot ei slik grensejustering
- Høllesli/Hamn høyrer geografisk, historisk og kulturelt til Forsand. Innbyggjarane i dette området har ikkje same tilknyting til Strand som Kolabygda.
- Dette var veglause bygder fram til 1980, og Lysefjorden var einaste vegen til omverda. I dag er dei knytt til Forsand med bru. Det er 4 km til Forsand og 14 km til Jørpeland.

Vi syner elles til brevet i sin heilskap.

### Fylkesmannen si vurdering

Det går fram av inndelingslova § 8 at «*Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering eller grensefastsetjing kan fremjast av innbyggjarar og grunneigarar i dei kommunane søkeren gjeld*». Hovudregelen i slike tilfelle er at Fylkesmannen så snart som råd skal orientere kommunane, slik at dei kan følgja saka frå starten, og eventuelt kome med fråsegn og bakgrunnsopplysningar jf. inndelingslova § 8 fjerde ledd, siste setning.

Dette initiativet har oppstått på grunn av ei allereie vedteken grensejustering. Fylkesmannen legg til grunn at kommunane fekk uttala seg til førre initiativ før det vart fatta vedtak om grensejustering.



Fylkesmannen legg også til grunn at innbyggjarane i Høllesli/Hamn fekk uttala seg til det første initiativet til grensejustering mellom Forsand og Strand. Vi syner til at eit brev datert 10.11.2017 der mellom anna dei same innbyggjarane som står bak dette initiativet, gjer det klart at dei ikkje ønskjer ei slik grensejustering som er under utgreiing, var ein del av dokumentasjonen som vart sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet 29.6.2018. Dette vart og peika på i uttalen frå Forsand kommunestyre som følgde med oversendinga og som igjen var direkte sitert i Fylkesmannen si utgreiing og tilråding i saka.

Fylkesmannen vil understreka at avgjerdssorganet kan gjera endringar i ein søknad om grensejustering, dersom det er grunnlag for det. I vedtaket av 10.12.2018 kom likevel KMD fram til, etter ei samla vurdering, at grensa skulle justerast i tråd med innbyggjarinitiativet. Vi legg til grunn at departementet har kome til at grensa slik ho var foreslått i initiativet, ga ei formålstenleg eining i samsvar med føremålet i inndelingslova. Vi understrekar at initiativet Fylkesmannen no har motteke til behandling, krev at departementet sitt vedtak av 10.12.2018 blir endra. I forlenginga av det er det naturleg å peika på at inndelingslova ikkje gir klagerett på eit vedtak etter § 6, og at det heller ikkje er klagerett etter forvaltningslova (fvl) sine reglar fordi vedtaket ikkje er eit enkeltvedtak, men ei forskrift, jf. fvl. §28 sml § 2.

Vi understrekar at spørsmålet om grensejustering mellom Forsand og Strand er grundig utgreidd, både før grensejusteringa vart vedteken, og som følgje av Nye Sandnes sin førespurnad om omgjering som Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurderte i brev av 31.1.2019. Fylkesmannen kan ikkje sjå at søknaden om å endra det grensejusterte området inneholder avgjerande opplysningar som ikkje allereie er kjende for departementet. På denne bakgrunn finn Fylkesmannen at dette er ei sak som ikkje vil føra fram.

#### **Fylkesmannen sitt vedtak**

**Fylkesmannen avslår søknad i brev 6.2.2019 om at det blir sett i gang ei utgreiing av initiativ etter inndelingslova § 8, til ny grensejustering mellom Forsand og Strand.**

De kan klaga på dette vedtaket til Kommunal- og moderniseringsdepartementet jf. inndelingslova § 9. Ei klage skal eventuelt sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå vedtaket er motteke jf. forvaltningslova § 29.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Forsand                          Fossanvegen 380  4110  Forsand  
kommune  
Strand kommune    Postboks 115        4126  Jørpeland



Side: 3/3